

# Hå kommune

## MØTEPROTOKOLL

### Kommunestyret

**Møtestad:** Hå rådhus

**Dato:** 18.06.2009

**Tidspunkt:** Kl. 18:00 - 21.15

Medlemmer:

NI - Terje Mjåtveit (Ordfører)  
Sp - Magnar Matningsdal (Varaordfører)  
A - Trine-Jannike M Rovik (Medlem)  
A - Aage Haver (Medlem)  
Frp - Svein Arve Nygård (Medlem)  
Frp - Paul Skretting (Medlem)  
H - Elin Hetland Mong (Medlem)  
H - Mons Skrettingland (Medlem)  
KrF - Steinar Ånestad (Medlem)  
KrF - Magnus G. Vold (Medlem)  
KrF - Liv Lende Olsen (Medlem)  
KrF - Stein Aarsland (Medlem)  
KrF - Njål Stokka (Medlem)  
KrF - Laurits Stokkeland (Medlem)  
NI - Tor Henrik Søiland (Medlem)  
NI - Signe Lende Skeie (Medlem)  
NI - Trond Knutsen (Medlem)  
NI - Marianne Bjorland (Medlem)  
NI - Henrik Lode (Medlem)  
NI - Ellen Marie Harbo (Medlem)  
NI - Kurt Ove Høyland (Medlem)  
Sp - Ågot Kvåle Vold (Medlem)  
Sp - Tobias Aanestad (Medlem)  
Sp - Kari Nord-Varhaug (Medlem)  
SV - Odd Øverby (Medlem)  
Uavh - Bente-Olen Sirevåg (Medlem)

Varamedlemmer:

Frp - Eli Irene Nygård (Varamedlem)  
H - Kjell Bakke (Varamedlem)  
NI - Gabriel L. Bø (Varamedlem)  
KrF - Marit S. Jakobsen (Varamedlem)  
NI - Else Berit Salte (Varamedlem)  
NI - Hanne-Mette Gudmestad (Varamedlem)  
NI - Åsbjørn M. Høyland (Varamedlem)  
Frå administrasjonen møtte: Rådmann og sekretær

Forfall:

Frp - Mikal Skibstad (Medlem)  
H - Mindor Jelsa (Medlem)  
KrF - Jonas Skrettingland (Medlem)  
NI - Tor Rune Gudmestad (Medlem)  
NI - Grete Hove Vikedal (Medlem)  
NI - Gro Elisabeth N. Reime (Medlem)  
NI - Reid Skjærpe (Medlem)

## 030/09: Løa i Lensmannsgarden Barnehage

### Innstilling:

Kommunestyret får framlagt to innstillingar fra utvalet.

### Innstilling framlagt av Mons Skrettingland:

1. Utvalet legg med bakgrunn i brev frå Vennelaget datert 25.05.09 til grunn følgjande rollefordeling mellom Vennelaget og kommunen:

☞ Vennelaget står for byggjemelding og gjennomføring av ombyggingsarbeida i samsvar med nemnde brev innafor ei kostnadsramme på 2,87 mill kroner pluss moms.

☞ - Hå kommune står for den framtidige drifta av løa; dvs drift, vedlikehald og utleige.

2. Barnehagens behov slik de er skissert i brev datert 20.05.09 blir søkt innpassa i prosjektet.

3. Når det gjeld parkeringsplassituasjonen, viser utvalet til rådmannens notat datert 14.04.09 og konstaterer at ein omfattande og aktiv bruk av løa vil medføre vesentlege kostnader til tilrettelegging av parkeringsplassar. Utvalet legg derfor til grunn at bruken må avgrensast slik at tilstrekkeleg parkering kan tilretteleggjast i området rundt løa/barnehagen og i sambruk med barnehagen.

### Innstilling framlagt av Kari Nord-Varhaug:

1. Kommunestyret legg til grunn Vennelaget sitt "Forslag til vidareutvikling av løa på Lensmannsgarden", datert 26.08.08. Vennelaget utfører rehabiliteringsarbeidet (alt innvendigt rehabiliteringsarbeid pluss låvebru med mur og port i nord) inkludert byggjemelding og byggjeleing.

Opparbeiding av resten av uteområdet er kommunen sitt ansvar. Dette omfattar m a eventuell bu for uteleikar til barnehagen, opparbeiding av parkeringsplassar, tilkopling til avløp og tilføring av straum, vatn og kloakk.

2. Kommunestyret legg til grunn ein bruk/utleige av løa på maks 100 personar om gongen. Dette utløyser, i henhold Statens Vegvesen si handbok 017, eit parkeringsbehov på min 20 parkeringsplassar.

Kommunestyret ber utval for tekniske saker og næring om å leggja til rette for minimum 20 parkeringsplassar for løa, i sambruk med barnehagen.

## 18.06.2009 Kommunestyret

### Møtebehandling:

Svein Arve Nygård fremja følgjande forslag:

1. *Kommunestyret vurderer kostnadane for omdisponering av løa på Lensmannsgarden til meir almennyttige formål for urealistiske mål, og opphever derfor tidligere vedtak som gjeld omdisponering, bruk og vedlikehold av løa på Lensmannsgarden.*

2. *Kommunestyret beklager at en startet dugnadsarbeidet for prosjektet.*

3. *Rådmannen bes innarbeide i budsjettforslaget kostnader til riving/fjerning av løa.*

4. *Rådmannen bes vurdere mulighet/tilgang til andre funksjonelle lokaler til plass for ungdom,*

*eventuelle musikkgrupper og andre kulturbaserte aktiviteter.*

### Fellesforslag fremja av Steinar Ånestad og Tobias Aanestad:

1. *Kommunestyret legg til grunn Vennelaget sitt "Forslag til vidareutvikling av løa på Lensmannsgarden", datert 26.08.08. Vennelaget utfører rehabiliteringsarbeidet (alt innvendig rehabiliteringsarbeid pluss låvebru med mur og port i nord) inkludert byggjemelding og byggjeleing. Dette innafor ei kostnadsramme på 2,87 mill kr + moms.*

2. *Opparbeiding av resten av uteområdet er kommunen sitt ansvar. Dette omfattar m a eventuell bu for uteleikar til barnehagen, opparbeiding av parkeringsplassar, tilkopling til avløp og tilføring av straum, vatn og kloakk.*

3. Kommunestyret bed rådmannen leggja fram ei sak med forslag til korleis barnehagen sitt behov for bu for uteleikar, kan løysast. Ein ber om at m a bruk av kjellarrom under løa, eller ny bu ved sekkestativa, vert vurdert som mulige løysingar.

4. Kommunestyret ser at det allereie i dag er ein vanskeleg parkeringssituasjon ved Lensmannsgarden barnehage. Kommunestyret vil difor be rådmannen leggja fram ei sak for utval for tekniske saker og næring med forslag til parkeringsløysing. Løysinga må vera på minimum 20 parkeringsplassar på kommunalt areal i området, som kan nyttast både av barnehagen og ved bruk av løa til kulturaktivitetar.

5. Kommunestyret ber utval for tekniske saker og næring vurdere om det på sikt kan etablerast parkeringsplassar til løa/barnehagen sør for Varhaugvegen.

Kari Nord-Varhaug trekte si innstilling.

Svein Arve Nygård sitt forslag fekk 8 røyster og falt. KrF 3 (MGV, NS, LS), Frp 3, H 1 KB, A 1 (TJMR)

Ved alternativ røysting mellom Mons Skrettingland si innstilling og fellesforslaget til Steinar Ånestad og Tobias Aanestad, blei fellesforslaget vedtatt med 22 mot 11 røyster. A 2, H 3, Frp 3,

KrF 3 (MGV, NS, LS)

#### **KS-030/09 Vedtak:**

1. Kommunestyret legg til grunn Vennelaget sitt "Forslag til vidareutvikling av løa på Lensmannsgarden", datert 26.08.08. Vennelaget utfører rehabiliteringsarbeidet (alt innvendig rehabiliteringsarbeid pluss låvebru med mur og port i nord) inkludert byggjemelding og byggjeleing. Dette innafor ei kostnadsramme på 2,87 mill kr + moms.

2. Opparbeiding av resten av uteområdet er kommunen sitt ansvar. Dette omfattar m a eventuell bu for uteleikar til barnehagen, opparbeiding av parkeringsplassar, tilkopling til avløp og tilføring av straum, vatn og kloakk.

3. Kommunestyret bed rådmannen leggja fram ei sak med forslag til korleis barnehagen sitt behov for bu for uteleikar, kan løysast. Ein ber om at m a bruk av kjellarrom under løa, eller ny bu ved sekkestativa, vert vurdert som mulige løysingar.

4. Kommunestyret ser at det allereie i dag er ein vanskeleg parkeringssituasjon ved Lensmannsgarden barnehage. Kommunestyret vil difor be rådmannen leggja fram ei sak for utval for tekniske saker og næring med forslag til parkeringsløysing. Løysinga må vera på minimum 20 parkeringsplassar på kommunalt areal i området, som kan nyttast både av barnehagen og ved bruk av løa til kulturaktivitetar.

5. Kommunestyret ber utval for tekniske saker og næring vurdere om det på sikt kan etablerast

parkeringsplassar til løa/barnehagen sør for Varhaugvegen.